

Referat SMU- møte 04.12.2019

Desse møtte: Ann-Kristin Kvalheim (tilsett, vara for Maria Marøy- fråfall), Tina Tolleshaug (tilsett), Mariell Karin Vakt skjold (elev), Stine Marie Erstad Lindås (elev), Maren V. Rosenlund (FAU- repr, vara for Stine Valdersnes- fråfall), Charlotte Kvinge- Dalland (FAU- repr), Peter Söderman (FAU- leiar), Tore Namtvedt (foreldrerepr. SFO), Kirsti Floen (repr. Radøy kommune- politisk valt) og Ståle Villanger (rektor). Fråfall (utan vara): Kristin V Marøy (tilsett).

Saksliste:

- a) **Presentasjon av SMU- representantane og deira oppgåver.** Rektor presenterte SMU-representantane og gjennomgjekk SMU sine oppgåver ved Hordabø skule.
- b) **Nye vedtekter for SFO i Alver kommune.** Er sendt ut på høyring for evt uttale. Høyringsfrist 06.01.2020. Evt innspel frå SMU kan sendast skulen, der skulen tek det vidare.
- c) **Korleis det blir jobba for at elevane ved Hordabø skule skal ha ein trygg skuleveg.** Rektor presenterte 2 punkt:
 - 1) Rett til gratis skyss grunna særleg farleg skuleveg. Opplæringslova kapittel 7 omhandlar elevar sin rett til skuleskyss. Skyssgrensa er 2 km for elevar på 1.trinn og 4 km for elevar på 2.-7. trinn. I tillegg har elevane rett på skyss dersom skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg
Norconsult har gjort ei vurdering av særleg farleg skuleveg i Radøy kommune, vegar innafor 4 km. Dette som eit hjelpemiddel i vurderingar om fri skuleskyss. Resultata i rapporten er basert på fleire kriterier (om det er fortau, fartsgrensa, trafikkmengde, vegbreidde, om det lys, ulukker, breidde på skulder, sikt og sikthindringar, type og tal på vegkryss, inn- og utkøyringar, kryssing av veg, om det er gangfelt og vegtilhøve om vinteren mm).
Fleire vegar kom inn under denne definisjonen, og rapporten og saka vart handsama av kommunestyret og det blei gjort følgjande vedtak:
Radøy kommune definerer særleg farleg skuleveg ut frå «Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, Radøy kommune, datert 5.7.2019» utført av Norconsult. Elevar som har adresse som gjer at dei må forbi område som er definert som særleg farleg, får vedtak om gratis skuleskyss frå 1.oktober 2019.
Resultat/ konsekvens:
Ca 35 elevar ved Hordabø skule har fått tilbod om gratis skyss. 25 elevar har nytta seg av tilbodet pdd.
 - 2) Trafikksikring av mjuke trafikantar i området kring skulen. Rektor har hatt synsfering og møte med TSU, statens vegvesen, politi, teknisk etat m.fl., i samband med området rundt skulen. Ein ser på moglegheita for fleire trafikktryggleikstiltak i form av meir veglys, inngjerding av skulen, fortau og fartsdumpar. Teknisk etat tek denne prosessen vidare.

- d) Elevundersøkinga.** Rektor presenterte resultatene. Gode resultat på trivsel/ mobbing også i år.
- e) Korleis det blir jobba for å skape eit trygt og godt skulemiljø på Hordabø skule.**
Rektor gjennomgjekk:
- A) Uteområde. Vidareutvikling av området rundt sandkassen.
 - B) Fylkesmannen sitt besøk i okt- 2019. Positive tilbakemeldingar.
 - C) Tilsyn, Miljøretta helsevern. Alt ok.
 - D) Generelle tiltak i det daglege.

Referent; Ståle Villanger